

Onsdag 26. januar frå klokka 17 til 19 blir det bok-kafe på skulen opplyser rektor Marie Elisabeth Kaldestad.

Arrangementet er ein del av satsingsområdet som dei har hatt ved skulen og barnehagen dette skuleåret. Prosjektet har hatt namnet Trengsel i biblioteket.

På programmet står ein orientering ved den nyleg avgåtte rektor Vidar Haugland om eldre barnelitteratur.

Forfattar Per Olav Kaldestad skal lesa frå barnbøker og det blir sal av gamle bøker.

Det blir innretta ein skrivekrok og ein lese- og bytekrok for teikneseriar.

Åresal står også på programmet.



Per Olav Kaldestad saman med Nina Goga og Einar Økland under eit litteraturseminar på Husnes. (Foto: Kvinnheringen)